



Hustadvika kommune
Tingplassen 1
6440 Elnesvågen

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	24/5192 - 25/136278	Arild Fuglseth -	25.08.2025
2024/104	02.07.2025			
9				

Vedrørende ansvar for TT-ordningen - anmodning om tilbakeføring til fylkeskommunen

Viser til Dykkar brev datert 2. juli 2025 om tilbakeføring av TT-ordninga til fylkeskommunen. De opplyser at kommunen er i ein vanskeleg økonomisk situasjon og sidan arbeidet er ressurskrevjande ønskjer kommunen for sin del no å avslutte og overføre arbeidet med TT-ordninga til fylkeskommunen.

Det går fram av Dykkar brev at det ikkje ligg føre ein formell avtale mellom kommunen og fylkeskommunen i høve dette arbeidet.

Sidan 1987 har vi her i fylket hatt ei ordning der kommunane har saksbehandla søknader om godkjenning av TT-brukarar og også hatt klagebehandlinga av desse sakene. Dette har kommunen gjort på vegne av fylkeskommunen.

Dette er ei ordning som vart initiert av samferdselsdepartementet og fylkeskommunane/kommunane organiserte dette arbeidet på om lag same måte i heile landet.

Transportordninga er eit gode til personar med nedsett funksjonsevne og blinde svaksynte og ved å la kommunane stå for brukargodkjenninga var tanken bak dette at ordninga vart meir treffsikker i høve til behova den einskilde brukar.

Sidan Hustadvika kommune no ønsker at sakshandsaming og klage skal overførast til fylkeskommunen, er det naudsynt å ha ein prosess med brukarorganisasjonar og kommunar for å sjå på alternative løysingar. Aktuelle løysingar må på høyring før dei kan handsamast i

fylkestinget. Vi håper derfor at De kan halde fram med ordninga fram til dette er avklart på fylkestinget i desember og eventuell ny organisering er sett i drift.

Med helsing

Harald Harstad
seksjonsleiar

Arild Fuglseth
teamleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur